



Natås barnehage
Sævråsvegen 250
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1192 - 16/2390

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
27.01.2016

Vedtak om godkjenning av Natås barnehage.

Vedtak:

Natås barnehage vert godkjent etter Lov og barnehage § 10 Godkjenning. Godkjenninga er ei stadfesting av tidlegare godkjenning etter Lov om barnehage.

Natås barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 180 m². Barnehagen er godkjent for 36 barn over 3 år.

Rettleiande arealnorm for barns leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år og 5,3 kvadratmeter netto per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gangar så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og i høve til godkjent areal.

Rådmannen legg til grunn at Natås barnehage vert driven etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for barnehagedrift.

Orientering om enkeltvedtak:

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen de får dette brevet. Klagen skal stilast til Lindås kommune v/ Astrid N. Sylta, og den må grunngjevast. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Natås barnehage

Sævråsvegen 250 5957

MYKING